

Jølster kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 26.02.2015

Møtetid:

Kl. 09:00 – 10:40

Møtestad: Jølster kommunehus,
møterom 1

	Faste medlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Audun Høyvik, leiar	X		
2	Vigdis Tonning, nestleiar	X		
3	Tom Erik Sandal	X		
	Varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
	Vara for Audun Høyvik og Vigdis Tonning:			
1	Arne Lesto			
2	Hilde Yndestad Halland			
3	Kjell Navelsaker			
4	Leif Gabriel Kapstad			
	Vara for Tom Erik Sandal:			
1	Helge Torpe			
2	Hildegunn S Huus			
3	May Ina Jarning			
	Andre som møtte			
	SEKOM-sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme			
	KRYSS Revisjon v/Kari Sygna i sakene 003-007/15			
	Rådmann Børge Tvedt i sakene 003-005/15			

Sak nr.	Sakstittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Skriv og meldingar 1-2015
003/15	Sluttrekneskap/prosjektrekneskap - Brannalarmanlegg Skei Skule
004/15	Sluttrekneskap/prosjektrekneskap Enøk-tiltak 2013
005/15	Sluttrekneskap/prosjektrekneskap gang- og sykkelveg Vassenden
006/15	Revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit
007/15	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014
008/15	Årsmelding 2014 - Jølster kontrollutval
009/15	Møteplan 2015 for Jølster kontrollutval
010/15	Oppfølgingsliste 1-2015
011/15	Eventuelt

Underskrifter:

Audun Høyvik, leiar

Vigdis Tonning, nestleiar

Tom Erik Sandal

SEKOM-sekretariat

001/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

JØL-001/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

002/15: Skriv og meldingar 1-2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

KRYSS Revisjon v/Kari Håheim Sygna og ga ytterlegare informasjon i høve skriv og meldingar nr 1.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

JØL-002/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

003/15: Sluttrekneskap/prosjektrekneskap - Brannalarmanlegg Skei Skule prosjekt 2329

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

Rådmann Børge Tvedt, og KRYSS Revisjon v/Kari Håheim Sygna møtte i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 21.11.2014. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

JØL-003/15 Vedtak:

Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 21.11.2014. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

004/15: Sluttrekneskap/prosjektrekneskap Enøk-tiltak 2013 prosjektnr. 2319

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

Rådmann Børge Tvedt, og KRYSS Revisjon v/Kari Håheim Sygna møtte i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vil peike på at det burde vore føreteke budsjettjustering jamfør revisjonsmeldinga. Med grunnlag i revisjonsuttale datert 10.12.2014 rår kontrollutvalet til at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

JØL-004/15 Vedtak:

Kontrollutvalet vil peike på at det burde vore føreteke budsjettjustering jamfør revisjonsmeldinga. Med grunnlag i revisjonsuttale datert 10.12.2014 rår kontrollutvalet til at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre.

005/15: Sluttregneskap/prosjektregneskap gang- og sykkelveg Vassenden prosjekt 1790

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Vert lagt fram utan tilråding

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

Rådmann Børge Tvedt, og KRYSS Revisjon v/Kari Håheim Sygna møtte i saka, og ga ytterlegare informasjon om fordeling mellom veg, og sjølvkost for vatn og avløp.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vil understreke at det har gått for lang tid før rekneskapen for dette prosjektet vart lagt fram. Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 22.12.2014, og rår til at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

JØL-005/15 Vedtak:

Kontrollutvalet vil understreke at det har gått for lang tid før rekneskapen for dette prosjektet vart lagt fram. Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale datert 22.12.2014, og rår til at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre.

006/15: Revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av revisor sin uavhengigheit datert 20.1.2015 til vitande.

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

KRYSS Revisjon v/Kari Håheim Sygna møtte i saka og ga ytterlegare informasjon om kven som kontrollerer lønsopplysningar i KRYSS Revisjon.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

JØL-006/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Jølster kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av revisor sin uavhengigheit datert 20.1.2015 til vitande.

007/15: Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå KRYSS Revisjonen om rekneskapsrevisjonen for 2014 til vitande.

Handsaming i Jølster kontrollutval 17.12.2014:

Nytt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett til 1. møte i kontrollutvalet i 2015.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

JØL-026/14 Vedtak:

Saka vert utsett til 1. møte i kontrollutvalet i 2015.

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

KRYSS Revisjon v/Kari Håheim Sygna møtte i saka og orienterte om rekneskapsrevisjonen for 2014, og kva område som vert vektlagt i revisjonsarbeidet. Innkjøpsområdet vert kontrollert kvart år. Lønn vert kontrollert med stikkprøver. Ekstra fokus på sal og finansområdet. Overføringsområdet – tilskot til barnehagar. Balansen – bundne fond. Risikoanalyse innanfor kvart område.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

JØL-007/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå KRYSS Revisjonen om rekneskapsrevisjonen for 2014 til vitande.

008/15: Årsmelding 2014 - Jølster kontrollutval

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Årsmelding 2014 frå Jølster kontrollutvalet vert godkjent.

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

JØL-008/15 Vedtak:

Årsmelding 2014 frå Jølster kontrollutvalet vert godkjent.

009/15: Møteplan 2015 for Jølster kontrollutval

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Møteplan 2015 for Jølster kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:
26. februar, 19. mai, 25. august og 9. november.

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

JØL-009/15 Vedtak:

Møteplan 2015 for Jølster kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:
26. februar, 19. mai, 25. august og 9. november.

010/15: Oppfølgingsliste 1-2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

JØL-010/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

011/15: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Jølster kontrollutval 26.02.2015:

Vigdis Tonning tok opp spørsmål til prosessen for høyrings svar i høve til bu- og driveplikt i komiteen for plan- og utvikling.

Framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen informere om prosessen for høyrings svar i høve til bu- og driveplikt. Det gjeld m.a. innkalling til arbeidsmøte i komiteen for plan- og utvikling 6.1.2015.
2. SEKOM-sekretariatet førebur sak om nye vedtekter, der ein føreslår auke frå 3 til 5 medlemmer, det vert og laga til framlegg til vedtekter for høyring.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

JØL-011/15 Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen informere om prosessen for høyrings svar i høve til bu- og driveplikt. Det gjeld m.a. innkalling til arbeidsmøte i komiteen for plan- og utvikling 6.1.2015.
2. SEKOM-sekretariatet førebur sak om nye vedtekter, der ein føreslår auke frå 3 til 5 medlemmer, det vert og laga til framlegg til vedtekter for høyring.